



Dato: 08.05.2014
Arkivref: 2013/945-5170/2014

Saksbeh.: Karl Johan Stadsnes

Saksnr	Utval	Møtedato
42/14	Nærings- og utviklingsutvalet	02.06.2014
53/14	Kommunestyret	17.06.2014

Øvre Huna og "Mellom-Huna" - Høyringsuttale til NVE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Sykkylven kommune varslar motsegn i høve planane om småkraftverk i Øvre Huna og «Mellom-Huna». Tiltaket vil ha negativ effekt på biologisk mangfald og negativ effekt på landskapsmessige forhold i eit relativt urørt område jf St.meld. nr. 42 (2000-2001) som skriv at; i omsynskrevjande naturtyper skal viktige økologiske funksjoner verte oppretthaldt.

Søklar opplyser om at anleggsveg opp til eventuelt inntak skal følgje eksisterande veg og ikkje vil representere noko inngrep. Angitt veg har vorte anlagt ulovleg og skal verte tilbakeført innan utgangen av juni 2014. Dette gjeld ei vegstrekning på om lag 400 meter. Rørtrase på ca. 2100 meter vil gå gjennom lynghei/skogsmark/sti kor der ikkje er nemneverdige inngrep frå før.

Området er ein del av nedslagsfeltet for drikkevatn for om lag 300 husstandar i Hundeidvik – Tusvik området. Omsøkt konsesjonsområde er bandlagt i kommuneplanens arealdel jf plan- og bygningslova § 11-8 pkt. a. (H 110). I nedslagsfeltet for drikkevatn vert ikkje tiltak som kan føre til forureining av vassforsyningssystemet tillete jf drikkevassforskrifta § 4.

Det er fare for forureining av drikkevatn då inntaket for Hundeidvik vassverk er nedanfor omsøkt konsesjonsområde. Konsesjonssøknaden i høve Øvre Huna og «Mellom-Huna» vassdraget vert plassert i raud kategori. Dette vil sei område kor kommunen ikkje ynskjer inngrep i form av utbygging av vasskraft.

Saksprotokoll frå møtet i Nærings- og utviklingsutvalet - 02.06.2014

Behandlingsinformasjon:

Det var synfaring på Øvre Huna og «Mellom-Huna» i forkant av møtet

Bjørn Idar Lyngvær stilte spørsmål om han var ugild, og vart samrøystes kjent slik.

8 røysteføre

Karl Johan Stadsnes orienterte og svara på spørsmål.

Utvalet drøfta saka.

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen.

Nærings- og utviklingsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Sykkylven kommune varslar motsegn i høve planane om småkraftverk i Øvre Huna og «Mellom-Huna». Tiltaket vil ha negativ effekt på biologisk mangfald og negativ effekt på landskapsmessige forhold i eit relativt urørt område jf St.meld. nr. 42 (2000-2001) som skriv at; i omsynskrevjande naturtyper skal viktige økologiske funksjoner verte oppretthaldt.

Søklar opplyser om at anleggsveg opp til eventuelt inntak skal følgje eksisterande veg og ikkje vil representere noko inngrep. Angitt veg har vorte anlagt ulovleg og skal verte tilbakeført innan

utgangen av juni 2014. Dette gjeld ei vegstrekning på om lag 400 meter. Røyrtrase på ca. 2100 meter vil gå gjennom lynghei/skogsmark/sti kor der ikkje er nemneverdige inngrep frå før.

Området er ein del av nedslagsfeltet for drikkevatn for om lag 300 husstandar i Hundeidvik – Tusvik området. Omsøkt konsesjonsområde er bandlagt i kommuneplanens arealdel jf plan- og bygningslova § 11-8 pkt. a. (H 110). I nedslagsfeltet for drikkevatn vert ikkje tiltak som kan føre til forureining av vassforsyningssystemet tillete jf drikkevassforskrifta § 4.

Det er fare for forureining av drikkevatn då inntaket for Hundeidvik vassverk er nedanfor omsøkt konsesjonsområde. Konsesjonssøknaden i høve Øvre Huna og «Mellom-Huna» vassdraget vert plassert i raud kategori. Dette vil sei område kor kommunen ikkje ynskjer inngrep i form av utbygging av vasskraft.

Saksprotokoll frå møtet i Kommunestyret - 17.06.2014

Behandlingsinformasjon:

Steinar Johan Bakke (AP), Jarle Strømmegjerde (H) og Bjørn Idar Lyngvær (FRP) stilte spørsmål om deira habilitet. Dei vart alle kjent inhabile.

Vara kom fram og tok sete. Ole Kjell Eidem (AP) tok sete for Bakke, Torill Velle (H) tok sete for Strømmegjerde og Magnar Gjerde (FRP) tok sete for Lyngvær.

Rådgjevar Karl Johan Stadsnes orienterte. Rådmannen ønskjer å endre ordlyden i framlegget sitt i 3. avsnitt, 2. setning: Ordet «bandlagt» vert endra til ordet «sikra».

Det vart røysta over tilrådinga frå nærings- og utviklingsutvalet (NU) som vart samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak: som tilrådinga frå NU

Sykkylven kommune varslar motsegn i høve planane om småkraftverk i Øvre Huna og «Mellom-Huna». Tiltaket vil ha negativ effekt på biologisk mangfald og negativ effekt på landskapsmessige forhold i eit relativt urørt område jf St.meld. nr. 42 (2000-2001) som skriv at; i omsynskrevjande naturtypar skal viktige økologiske funksjoner verte oppretthelde.

Søkjar opplyser om at anleggsveg opp til eventuelt inntak skal følgje eksisterande veg og ikkje vil representere noko inngrep. Angitt veg har vorte anlagt ulovleg og skal verte tilbakeført innan utgangen av juni 2014. Dette gjeld ei vegstrekning på om lag 400 meter. Røyrtrase på ca. 2100 meter vil gå gjennom lynghei/skogsmark/sti kor der ikkje er nemneverdige inngrep frå før.

Området er ein del av nedslagsfeltet for drikkevatn for om lag 300 husstandar i Hundeidvik – Tusvik området. Omsøkt konsesjonsområde er sikra i kommuneplanens arealdel jf plan- og bygningslova § 11-8 pkt. a. (H 110). I nedslagsfeltet for drikkevatn vert ikkje tiltak som kan føre til forureining av vassforsyningssystemet tillete jf drikkevassforskrifta § 4.

Det er fare for forureining av drikkevatn då inntaket for Hundeidvik vassverk er nedanfor omsøkt konsesjonsområde. Konsesjonssøknaden i høve Øvre Huna og «Mellom-Huna» vassdraget vert plassert i raud kategori. Dette vil sei område kor kommunen ikkje ynskjer inngrep i form av utbygging av vasskraft.

Etter avrøysting stilte Ståle Eikrem (AP) spørsmål om kommunestyret kunne ta opp att saka nytt grunna inkurie. Vara heldt framleis sete for Bakke og Strømmegjerde. Det vart røysta over forslaget. 16 røysta for å ta saka opp på nytt. Då slike saker krev 2/3-dels fleirtal, vart ikkje saka teke opp på nytt.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sykkylven Energi As/Fallrettshavarar i Huna søker NVE om konsesjon for å bygge og drifte Øvre Huna kraftverk, alternativt «Mellom-Huna.» I den sammenheng er Sykkylven kommune høyringspart.

Samandrag av Saksopplysningar

Øvre Huna kraftverk ynskjer å utnytte eit fall på ca. 280 meter med inntak ved kote 450. Avløpet ved kote 170 rett før inntaket til Hundeidvik vassverk. Planlagt minstevassføring vil vere 36 l/s. Installert effekt på anlegget er estimert til ca. 2.6 MW. Årsproduksjonen berekna til 7.61 GWh. Inntaksdammen for øvre Huna kraftverk vil verte ca. 3.5m høg, og 22 meter brei. Neddemt areal vert ca. 413 m². Mykje av tetningsmassen som vil verte bruk ved inntaksdammen kjem til å verte teken frå vegtrase.

Minstevassføring vert sleppt gjennom røyr i demninga. Røyrkata vil verte ca. 2100 meter lang. Diameteren på røyrret vert truleg 800 mm. Søkjar sett som mål å halde ryddebeltet kring røyrtraseen til ca. 10 meter, men truleg vert det ein stad mellom 15-20 meter.

Sjølve kraftstasjonen er planlagt på kote 170. Grunnflata på bygga vert ca. 100 m². Vegar som er naudsynt i tiltaket er ca. 3 meter vegbreidd netto, og ca. 7 meter med veggroft/skjering. Utbyggingskostnader for tiltaket er estimert ca. 27.95 mill. NOK. Utbygginga vil gi økte inntekter til Sykkylven Energi As. Dette vil igjen gi økte inntekter til kommunen og staten i form av skatter og avgifter. Dette er samfunnsøkonomisk positivt.

Tiltaket vil ha negativ innverknad på landskapet på grunn av redusert vassføring i Huna. Inngrep i form av røyrtrase vil også gje spor i naturen. Det er gjort funn av Færøymarikåpe i samband med kartlegginga av biologisk mangfald. Funnet er det einaste sikre funne på fastlandet i Europa.

Vurdering

Tiltaket vil ha positiv samfunnsøkonomisk effekt og er i tråd med fornybardirektivet jf retningslinjer for små kraftverk vasskraftverk s. 1, (OED) 2007.

Ein eventuell inntaksdam vil ligge ovanfor tregrensa og godt synleg i terrenget. Dei siste 300-400 meterane av anleggsvegen, samt delar av røyrkatetraseen vert også liggjande over tregrensa. Dette gjer inngrepa godt synlege for folk som ferdast i området. Nemnde inngrep vil såleis ha negativ effekt på landskapsmessige forhold. Redusert vassføring i Øvre Huna saman med dei planlagde tekniske inngrepa jf røyrgate, ny veg, og inntaksdam vil her opplevast spesielt negativt jf s. 11 i Retningslinjer for små vasskraftverk utgitt av Olje- og energidepartementet i 2007.

Det beste for dei biologiske verdiane er at området ikkje vert utsett for fysiske inngrep. Reduksjon av vassføring vil truleg vere negativt for Færøymarikåpa som ser ut til å trivast best med ein relativt konstant vassmetting bak den kraftigaste fosserøyken. Ei kraftutbygging vil ha opp mot stor negativ konsekvens for naturmangfald jf (Holtan, D. 2013. Huna-kraftverkene).

Færøymarikåpa er den arten som Miljøverndepartementet har bedt Sykkylven kommune spesielt om å ta vare på. (Den gong omtalt som Sunnmørsmarikåpe). Per i dag er den ikkje klassifisert på den norske raudlista. Ein antek at den vil verte plassert i EN- kategorien. Dvs. sterkt truga (Endangered) når den vert oppført ultimo 2014 jf artsdatabanken. Etter § 8 i Naturmangfaldlova veit ein at det berre er gjort funn av denne arten i Megardsdalen/Baklidalen utanom Færøyane på det europeiske fastlandet. (Holtan, D. 2013. Huna-kraftverkene).

Føre-var prinsippet etter § 9 i Naturmangfaldlova kjem etter rådmannen sitt skjønn inn i samband med handsaminga av konsesjonssøknaden til Øvre Huna. Dette då det er ein sterkt truga karplante som vil verte råka av ei eventuell utbygging jf avhengig av fosserøyk/fossesprutsone. Reduksjon av vassføring, vil naturleg medføre reduksjon av fosserøyk og fossesprut. Dette vil såleis ha negativ effekt på Færøymarikåpa sine leveområder.

Det er fare for forureining av drikkevasskjelda til 300 – 350 husstandar i samband med ein eventuell utbyggingsfase > Øvre Huna/ «Mellom-Huna.» jf i strid med drikkevassforskrifta § 4.

Retningslinjer for små vasskraftverk – Olje og Energidepartementet 2007

Olje- og energidepartementet (OED) har utarbeidd retningslinjer for korleis konsesjonshandsaminga til NVE vert i høve små vasskraftverk. Tema som OED vurderer som sentrale i verknader små kraftverk kan ha på miljøet er; verdifulle landskapselement, sårbare område i høgjellet, fjordlandskap, biologisk mangfald, inngrepsfrie områder, fisk og fiske, kulturminne og kulturmiljø, friluftsliv og reiseliv kor landskapet eller naturen er ein vesentleg del av attraksjonen. Andre viktige tema er vurdering av samla inngrep i eitt område, EUs vassdirektiv, verna vassdrag og mogleg avbøtande tiltak ved utbygging av små kraftverk. Verdivurderinga vert inndelt i stor, middels eller liten verdi. Vurderinga sei ikkje alltid noko om konfliktnivået for og imot utbygging av eitt vassdrag. Ofte vil ei høg verdisetjing innanfor eitt eller fleire av undertema løyse ut ein del konflikt. (Retningslinjer for små vasskraftverk (OED) 2007).

Konfliktgrad/Samla inngrep i høve 5 søknadar om konsesjon for vasskraft

Konfliktgraden i høve Aurdal småkraftverk og Nedre Huna småkraftverk vert vurdert som relativt liten. Konfliktgraden i høve Gimsdalen småkraftverk vert vurdert som middels stor. Konfliktgraden i høve Kroken småkraftverk og Øvre Huna småkraftverk vert vurdert som stor. Dette samsvarar med verdisetjingane i angjeve tema i søknadene med vedlegg jf avsnitt ovanfor utarbeidd av Olje- og energidepartementet.

Rådmannen sitt framlegg til høyringsuttale til NVE gir grøn kategori til 2 småkraftverkssøknader (Ja), gul kategori til 1 konsesjonssøknad (usikker) og raud kategori til 2 konsesjonssøknader (Nei). Rådmannen har forsøkt å vurdere samla inngrepsbelastning for dei ulike områda og sett søknadane opp i mot kvarandre i høve verdielementa nemnd i retningslinjer for små vasskraftverk utarbeidd av OED. NVE ynskja dette. Nærings- og utviklingsutvalet (tilråding) og Kommunestyret (vedtak om offisiell kommunal uttale til NVE) står fritt til å endre rådmannen sine forslag slik dei folkevalte ynskjer.

Oppsummering Øvre Huna / «Mellom-Huna»

Når ein summerer positive element og negative element i samband med ei eventuell utbygging ender ein etter rådmannen sitt skjønn opp med mest negative element. Dette spesielt med tanke på biologisk mangfald, endring av landskap over tregrensa, inngrep i bandlagt sone, (H110), etter drikkevassforskrifta § 4 og kommuneplanens arealdel pbl § 11-8 pkt. a, reduksjon av vassføring i Huna, og fare for forureining av drikkevasskjelda til 300 – 350 husstandar i ei utbyggingsfase. Konsesjonssøknaden til Huna Kraft As (s.u.e.) i høve Øvre Huna og «Mellom-Huna» vert plassert i raud kategori.

Økonomiske konsekvensar

Tiltaket vil ha positive økonomiske konsekvensar for Sykkylven Energi As og fallrettshavarane. Sykkylven Energi As eig 66% av Huna Kraft As (s.u.e.) som er konsesjonær i saka. Sykkylven kommune eig 100% av Sykkylven Energi As. Sykkylven kommune kan såleis seiast å ha økonomiske interesser i saka jf utbytte kvart år frå Sykkylven Energi As. Ein har prøvd å ikkje la dette influere på denne vurderinga.

Eldrid Sourza
rådmann

Bjarte Hovland
einingsleiar

Karl Johan Stadsnes
rådgjevar miljø og landbruk

